

12 bueiningar i Nedre Halsabrotet?

05.11.2014



Det aktuelle utbyggingsområdet fotografert frå Solheim. Ein eventuell andre tremannsbustad kjem lengst til høgre, bak Byggeriet og den andre tremannsbustaden lengst oppe til venstre.

- Vi jobbar no med kommunen for å auka talet på bueiningar i Nedre Halsabrotet frå 11 til 12, ved at tomannsbustaden som er planlagt bak Byggeriet vert aukja til tremannsbustad. Det opplysar Ivar Gundersen som etter 7 års strev med prosjektet endeleg kan konstatere at fullføring nærmar seg.



Fortauet langs Halsabrotet er no klårt - berre asfaltering står att

Opprinneleg var det planlagt berre ein tremannsbustad lengst oppe i området. Som planlagt vert 2 tomannsbustadar liggjande vest for denne og 1 tomannsbustad lenger nede. Gundersen opplysar at det om stutt tid vil bli halde eit orienteringsmøtet om prosjektet i Gamleskulen.

Det har i det siste vore stor aktivitet med tilretteleggjing av prosjektet, blant anna med å leggja fortau oppover frå fylkesvegen og langs Halsabrotet saman med vatn- og kloakkleidningar. Også tomte som eventuelt vert nytta til ein tremannsbustad nummer 2 er snart tilettelagt.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen